



DEN NORSKE KYRKJA
Lavik Sokneråd

Møteprotokoll Lavik sokneråd **onsdag 18. januar 2023**

Tilstades:

Tonje Førde Systad, Toril Lange, Torunn Styve, Katrin Borlaug Ringereide, Rolf Aamot, Geir Sørebo.

Ord til opning v/ Geir Teksten om då Jesus gjorde vatn til store mengder vin er ei påminning om at når Jesus gir, gir han i overflod, ofte meir enn vi forventar.

Innkalling og sakliste godkjent. Ingen merknad til referat 22. november 2022 og 4. jan 2023 Vedr. Sak om kyrkjetenartenesta i Lavik, er ein i dialog med 2-3 kandidatar som truleg er aktuelle til einskildoppdrag.

Meldingssaker:

01/23: Sidan sist:

27/11: Lysmesse 1.søndag i advent, samkøying med tenning av julegran og korpsmusikk viste seg å vere lurt. Evt. fakkeltog bør nok organiserast betre ved seinare høve. Gudsteneste kl 19 er eit høveleg tidspunkt.

1/12: Myldresamling; 6 born under skulealder med foreldre

7/12: T-dag i adventtida; 9 born, ulike aktivitetar og god stemning.

7/12: Salmekveld med advent-og julesongar var ei fin samling. Ei gruppe frå Fjordbrass deltok og sette fint preg på kvelden. Absolutt noko å gjenta!

24/12: Familiegudsteneste julaftan; Lekmannsgudsteneste med enkelt julespel og vakker solosong. 78 personar tilstades. Mange barnefamiliar og god stemning!

02/23: Vask av kyrkja – 12/12; 4 personar deltok.

03/23: Info frå Fellesrådet Det vert gudsteneste i Høyanger kyrkje med påfølgande samling på bedehuset søndag 5.mars; markering av at Bjørnar Otterstein sluttar som kyrkjeverge.

Vedtakssaker:

Sak 2/23: Gudstenesteplan/ oppgåvefordeling vinter/vår 2023 vart oppdatert

Sak 3/23: Planlegging av aktivitetar . Aktivitetsplan for vinter/vår 2023.

- a) Mat og Prat onsdag 8. februar.kl 19. Geir innleier ut ifrå 3.trusartikkel. «vanleg» kveldsmåltid Oppgåver fordelast/avtalast på Fb-gruppa.
- b) Årsfest/årsmøte onsdag 22.mars kl 17 med middag og div.program. Oppgåver fordelast på Fb-gruppa
- c) Fasteaksjonen 2023 – 27. – 29. mars Konfirmantar og evt soknerådsmedlemmer deltek
- d) T-dagar: 2.-4. klasse – ca 1. onsdag i mnd
- e) Myldresamling for førskuleborn –i kyrkja ca 1 gong i mnd
- f) Påskevandring -for heile familien – palmesøndag kjem vi tilbake til.
- g) Andakt på Helsesenteret v/Geir 2/2, 2/3, 30/3 og 4/5.
- h) Vårkonsert Fjordbrass fredag før påske, 31/3.

Sak 4/ 23: Soknerådsvalet hausten 2023 Frist for å ha kandidatlista klar er 31/3. Vi set opp intern liste og fordeler kven som spør kven. Lista vert sendt ut til soknerådet og varamedlemmene.

Sak 5/23: Val av bispedømmeråd. Frist for forslag til kandidatar er 1/2. Vi kom opp med nokre kandidatar som blir meldt vidare

Sak 6/23: Val av leiar og nestleiar Leiar Toril Lange og nestleiar Tonje Førde Systad tek attval.

Neste møte er onsdag 8/3 kl 18.00

Lavik 18/1 2023

Torunn Styve, ref